

Referat – programstyremøte i tysk – 300113

Til stades: Sissel Lægreid, Kjetil Berg Henjum, Tor Jan Ropeid, Karl Ekroll, Michael Grote, Espen Ingebrigtsen, Anders Bratteli (stud.repr.), Charlotte Sognnæs (stud.repr.), Guro Sandnes (ref.)

Forfall: Åsta Haukås

Sakliste:

I: ORIENTERINGSSAK:

Austerrikedagar: BMUK (Bundesministerium für Unterricht, Kunst und Kultur) i Wien vil arrangere Austerrikedagar for tysklærarar i Hordaland i samarbeid med tyskseksjonen ved IF. Tyskstudentar ved IF vil også bli inviterte. Dagane vil gå føre seg 17.-19. april. Ei lita arbeidsgruppe bestående av Jan Paul, Åsta og Guro planlegg evenementet saman med arrangørane frå Wien.

II: DISKUSJONS- og VEDTAKSSAKER

a) Læringsutbyteomtaler på programnivå

- Programstyremøtet vedtok nye læringsutbyteomtaler på programnivå, som i samsvar med dei gjeldande retningslinjene er inndelte i tre kategoriar; kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

b) Studieplanjusteringar og forbedringar:

TYSDI101:

- Fjerne PEDA111 som tilrådte forkunnskapar
- legge til 15 studiepoeng i tysk som krav til forkunnskapar
- endre sidetal frå 400 s. pensum til 275 s. pensum.

Vedteke

DIDATYS1 og DIDATYS2:

- ein del mindre redaksjonelle endringar i både DIDATYS1 og DIDATYS2. I tillegg, for DIDATYS1: konkretiseringar av obligatoriske arbeidskrav (intervju med tyskelevar; presentasjon av undervisningsopplegg; skriftleg arbeid som drøftar ei tyskdidaktisk problemstilling), og endring frå 24 til 26 forelesingar, til seks timar fellesforelesingar i språkdidaktikk, og minst tre timar undervisningsverkstad.

Vedteke

TY113:

Skal personar utan studierett kunne søkje om å avlegge ein særskilt eksamen? I så fall må vi føre inn setninga: ”Ein kan søkje fakultetet om å ta ein særskilt eksamen utan studierett” under ”Krav til studierett”.

Reglane for særskilt eksamen seier at søkjaren kan få avslag på søknad om eksamen dersom emnet er av ein slik karakter at kandidatens kunnskapar og evner ikkje kan prøvast på ein fagleg trygg måte. Programstyret bestemte at det kunne opnast for særskilt eksamen dersom det inneber at studentane må gjennomføre obligatoriske arbeidskrav. I samsvar med retningslinjene for ordninga får «privatistar» fritak frå obligatoriske arbeidskrav. Dermed skal det ikkje opnast for ordninga på TYS113.

TYS114:

Opning for særskilt eksamen: *Det blir ikkje opna for at ein kan søkje om å få avleggje særskilt eksamen i emnet.*

TYS201/251: Endring av læringsutbyteomtale: Vedteke

Etter fullført emne skal kandidaten

- ha god kunnskap om problemstillingar og metodar i moderne tysk språkvitskap
- ha inngåande kunnskap om minst to språkvitskaplege emne
- ha innsikt i vesentlege ulikskapar mellom tysk og norsk språkstruktur
- ha god kjennskap til sentral fagterminologi innan moderne tysk språkvitskap
- kunne bruke relevante språkvitskaplege analyseverktøy
- kunne bruke relevante grammatikkar, ordbøker og oppslagsverk
- kunne diskutere og formidle sentrale problemstillingar og synspunkt i moderne tysk språkvitskap, både munnleg og skriftleg
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine i moderne tysk språkvitskap

TYS311-317: Læringsutbyteomtale: Vedteke

TYS311: Etter fullført emne skal studenten

- ha inngåande kunnskap om utvalte emne i tysk språk- og litteraturvitskap
- ha god kjennskap til den sentrale fagterminologien i desse emna
- kunne bruke språk- og litteraturvitskaplege analyseverktøy på litterære og kulturorienterte tekstar
- kunne diskutere og formidle sentrale problemstillingar innan dei emna som blir handsama, både munnleg og skriftleg
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om desse emna

TYS312: Etter fullført emne skal studenten

- ha inngåande kunnskap om det valte språkvitskaplege emnet
- ha god kjennskap til den sentrale fagterminologien i det valte emnet
- kunne bruke analyseverktøy som passar det valte emnet
- kunne diskutere og formidle sentrale problemstillingar innan det valte emnet, både munnleg og skriftleg
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om det valte emnet

TYS313 Etter fullført emne skal kandidaten

- vere i stand til å arbeide kritisk med relevante kjelder og bibliografiar
- kunne presentere og diskutere litteraturvitskaplege problemstillingar på tysk
- kunne analysere utvalde litterære tekstar ut frå ulike litteraturvitskaplege perspektiv
- kunne bruke eit presist omgrepsapparat på forskjellige typar tekstar og problemstillingar.
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om det valte emnet

TYS314 Etter fullført emne skal studenten

- ha inngåande kunnskap om det valte språkvitskaplege emnet
- ha god kjennskap til den sentrale fagterminologien i det valte emnet
- kunne bruke analyseverktøy som passar det valte emnet
- kunne diskutere og formidle sentrale problemstillingar innan det valte emnet, både munnleg og skriftleg
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om det valte emnet
- vere skriveteknisk førebudd på å ta til på skrivinga av masteroppgåva

TYS315 Etter fullført emne skal kandidaten

- vere i stand til å arbeide kritisk med relevante kjelder og bibliografiar
- kunne presentere og diskutere litteraturvitskaplege problemstillingar på tysk
- kunne analysere utvalde litterære tekstar ut frå ulike litteraturvitskaplege perspektiv
- kunne bruke eit presist omgrepsapparat på forskjellige typar tekstar og problemstillingar.

TYS316 Etter fullført emne skal studenten

- ha inngående kunnskap om det valde språkvitskaplege emnet
- ha god kjennskap til den sentrale fagterminologien i det valde språkvitskaplege emnet
- kunne bruke analyseverktøy som passar det språkvitskaplege emnet
- kunne diskutere og formidle sentrale problemstillingar innan det valte språkvitskaplege emnet, både munnleg og skriftleg
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om det valte språkvitskaplege emnet
- vere metodisk førebudd på å ta til på skrivinga av masteroppgåva

TYS317 Etter fullført emne skal kandidaten

- ha innsikt i hovvudtrekka i moderne tysk litteraturvitskap
- ha eit kritisk og reflektert forhold til nyare litteraturvitskapleg teori og metode og kunne gjere relevant bruk av tileigna kunnskap i arbeidet med masteroppgåva
- kunne presentere og diskutere ulike litteraturvitskapelege problemstillingar på tysk
- kunne analysere litterære tekstar ut frå ulike litteraturvitskaplege perspektiv
- kunne bruke eit presist, litteraturvitskapleg omgrepsapparat på forskjellige typar tekstar og problemstillingar
- vere i stand til på eiga hand å oppdatere og utvide kunnskapane sine om det valte emnet

TYS311, TYS314, TYS317:

- Heimeeksamen må byttast ut med eksamensoppgåve. *Vedteke*

TYS350:

- Forslag: å leggje til setninga under Vurderingsformer: "Studentane må ha fullført kursdelen av masterprogrammet for å kunne levere masteroppgåva".
Programstyret valte å ikkje gå inn for forslaget
- For å unngå moglege saker om plagiat ved at ein student leverer inn igjen same oppgåve på nytt, bør ein vurdere å ta inn følgjande tekst i emne med semesteroppgåve/heimeeksamen/mappevurdering:

"Ein student har høve til å levere same oppgåva på nytt i fall oppgåva er så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må då

- a) presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller
- b) trekkje inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller
- c) gjere ein vesentleg endra analyse og tolking av empirien"

Programstyret vedtok å leggje inn setninga under Vurderingsformer i TYS350, med følgjande formulering: «Ein student har høve til å bruke ei tidlegare innlevert oppgåve som grunnlag for å levere på nytt, i fall oppgåva er så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må då [...]».

Opptakskrav til master:

Sidan mange andre norske lærestader har 80 studiepoengs spesialiseringar i bachelorgraden, bør faget spesifisere kva som blir kravd for å kvalifisere til opptak. *Det blei vedteke å leggje til følgjande setning under Opptakskrav til master: «Om kandidaten har studert ved ein lærestad*

som har krav om minimum 80 studiepoeng med spesialisering/fordjuping, vil dette bli akseptert som opptaksgrunnlag.»

SAK-emne:

Emneomtalar for dei nye SAK-emna i høvesvis språk og litteratur på masternivå, blei godkjende i programstyret. SAK-emna er del av eit samarbeid med NTNU, og vil ha nettbasert undervisning. *Emna får kodane TSAK318 og TSAK319.*

c) SPIK-studiet og forholdet til masterstudiet i tysk

Programstyret diskuterte kor vidt ein fullført bachelorgrad i SPIK (Språk og interkulturell kommunikasjon) som inneheld ingen eller ei avgrensa mengde litteraturemne, bør kunne kvalifisere for opptak til masterstudiet i tysk.

SPIK-programmet kvalifiserer til masterprogram i dei fagspesifikke masterprogramma, gitt at studentane vel emne som gir dobbel spesialisering. Dersom studentane går vidare til masterløpet, må dei likevel (ifølgje studieplanen til SPIK) skrive masteroppgåve i språk eller kultur. *Programstyret i tysk vil derfor ikkje legge hindringar i vegen for at SPIK-studentar kan bli tekne opp til masterprogrammet i tysk.*